

OSTERØY KOMMUNE  
Postboks 1  
5293 LONEVÅG

---

<b>Dato</b>	27.09.2023
<b>Vår referanse</b>	2022/73182-9
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Malene Utkilen
<b>E-post</b>	Malene.Utkilen@vlfk.no
<b>Telefon</b>	94172524

## Dispensasjon frå byggegrense - utvide eksisterande parkeringsplass - fv. 5418 - gnr. 152 bnr. 58 - Osterøy kommune

Vi viser til søknad av 05.05.2023 og tilleggsinformasjon motteke per e-post 30.08.2023.

### Saka gjeld

Det vert søkt om å utvide eksisterande areal for parkeringsplassar på gnr. 152 bnr. 58 i Osterøy kommune, ved fv. 5418. Det vart gjeve løyve til flytting av avkøyrslø 30.10.2022.

### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5418 for å etablere endra/utvida parkeringsareal på gnr. 152 bnr. 58 i Osterøy kommune.

### Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med revidert situasjonsplan som ligg ved.
2. Avstanden frå tiltaket til senterlina på Bruvikdalsvegen skal vera minst 8 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5418.
7. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

### Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen. Fylkesveg 5418 Bruvikdalsvegen

har ein årsdøgntrafikk (ÅDT) på 200, fartsgrensa på staden er 80 km/t og vegen er sett til haldningsklasse 4 lokalveg, jf. [Rammeplan for 2021-2024](#).

Trafikkmengda på staden er låg og rammeplanen tilseier at ein kan ha ein lite streng haldning til tiltak langs strekninga. I tilleggsinformasjon som Vestland fylkeskommune mottok 30.08.2023 og vedlagt revidert situasjonsplan vart det informert om at kortaste avstand frå tiltaket til vegmidte på fv. 5418 Bruvikdalsvegen vil vere 8 meter. Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg vurderer difor at tiltaket vil kome utanfor siktsona til avkøyrsla, og at tilhøva på staden vert betre med løysinga i situasjonsplanen som ligg ved, enn eksisterande situasjon.

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg gjer difor dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg 5418 Bruvikdalsvegen for etablering av parkeringsplassar.

### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

**Linda Beate Hjelmeland**  
fagkoordinator  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Caroline Nordøy Håvik**  
rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 **Tilleggsinformasjon - dispensasjon fra byggegrense- fv 5418-gnr. 152, bnr. 58 - Osterøy kommune**
- 2 **Situasjonsplan Båtaleitet parkering ny situasjon. revidert 30.08.2023.pdf**